



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 23/004	Dato:	20.01.2023

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 25.01.2023 drøfting

## FØREBUING TIL EIGARMØTE 03.02.2023

### HANDSAMING:

#### Brannsjefen si tilråding

-

#### Sakshandsaming i styret 25.01.2023

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

### SAKSOPPLYSNINGAR/VURDERINGAR:

Det er i sakshandsaminga i styremøte 14.12.2022 besluttet å innkalle til eit eigarmøte 03.02.2023 for å drøfte konsekvensar for revidert budsjett og for å starte prosessar med endring av selskapsavtale, fordelingsnøklar og planlegginga av eigarstrategisamlinga 12.05.2023.

Følgjande områder må styret førebu:

#### REVIDERING AV SELSKAPSAVTALE

Me har ei revidert selskapsavtale som eigarkommunane har vedteke med unntak av Karmøy og Sveio. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før alle har gjennomført sine vedtak. Ei utfordring er at val av styret er gjennomført etter ny avtale (nummerisk vara) og dermed får ikkje HBR godkjent nødvendige registreringar i Brønnoysundregistrene (BRREG) før dette er gjort.

Ei løysing er å revidere selskapsavtala på nytt kor det vert teke med dei endringane som er gjeldande frå og med 1.6.2023 (Suldal si uttreden). Val av styret bør derfor skje etter gjeldande selskapsavtale for å få oppdatert informasjon i BRREG.

Det er viktig å få revidert selskapsavtala då eksisterande avtale ikkje gjenspeilar selskapet slik det er i dag med tanke på eigarstruktur, fordelingsnøkkel, styret, låneramme med meir.

Det er viktig for selskapet at revidering av selskapsavtala skjer på ein trygg og forutsigbar måte. Det er derfor viktig at arbeidet er godt forankra i eigarkommunane frå start til mål og det bør derfor vurderast om det skal vera kommunedirektørane som er i førarsetet for dette arbeidet.

Ein annan utfordring er å få etablert prosessar som gjer til at vedtak i representantskapet er så godt førebudd at det vert ein forutsigbar prosess også i eigarkommunane.

## EIGARSTRATEGI

Det skal vera eit eigarstrategiseminar 12. mai 2023. I forkant av dette møtet må det utarbeidast eit utkast til revidert eigarstrategi. Dette er eit dokument som er viktig for å få enda betre forutsigbarheit for eigarar i sin utøving av eigarskapet og for selskapet i sin leveranse til eigarane.

Det må startast ein prosess der eigarstrategidokumentet vert revidert slik at dette samsvarar i større grad med forventningane til selskapet etter at dette har vore i drift i snart fem år. Det må i eigarmøtet drøftast oppstart og organisering av eit slikt arbeid.

Eigarstrategidokumentet må sjåast i samanheng med selskapsavtala og dei rammer som lov om interkommunale selskap set.

## FORDELINGSNØKKELE

Fordelingsnøkkelen må reviderast, ikkje berre som ein konsekvens av uttreden av Suldal og Etne, men også ut frå at innbyggarmodellen må vurderast opp mot endring av eigarstruktur. Modellen er ikkje vurdert etter at selskapet vart etablert.

Det må etablerast ei arbeidsgruppe der arbeidet er godt forankra hos eigarane.

## BUDSJETT 2023

Dette punktet må sjåast opp mot sak 23/003.

Det må leggest fram forslag til tiltak samt konsekvensar. Ut frå dei signal eigarane gjev i møtet, vil administrasjon og styret utarbeide ei sak som vert lagt fram i representantskapet 28.04.2023.

## ØKONOMI OG HANDLINGSPLAN 2023-2026

Det er ei bestilling av representantskapet om at selskapet skal leggja fram ein revidert økonomi- og handlingsplan som viser korleis investeringar og andre driftskostnader skal dekkast inn gjennom gjeldande rammestyling. utfordringa gjeld i hovudsak etablering av stasjonar (husleige + innbemanning).

Det må i eigarmøtet drøftast dei alternativa me har per i dag og eigarane må gje signal på kva dei forventar ut frå dette.

## VAL AV STYRE

Det må startast opp eit arbeid med val av styre for HBR der val vil skje i representantskapsmøtet 28.04.2023.

## VURDERINGER:

-

Haugesund, 20.01.2023

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg: -